

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 10.05.2016**

Direktør **Karin Hindsbo** presenterte KODE.  
**Mikal Heldal** presenterte Hordaland sogelag.

Sakene vart behandla i slik rekjkjefølgje: PS 71-79/16.

**Kjell Håland (A)** stilte spørsmål om det planlagde møtet i utvalet 16. august kan utgå. Det er ein del medlemer som ikkje kan møte fordi det er siste veka i skuleferien. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett kjem tilbake med ei sak om dette i junimøtet.

**Gunn Berit Lunde Aarvik (A)** etterspurde varsla sak om antidopingarbeid. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett opplyste at saka vert lagt fram i junimøtet.

**Sigbjørn Framnes (Frp)** viste til reglane om inhabilitet. Han etterspurde informasjon om kvar grensesnittet går for når medlemer som er valde inn i ulike museumsstyrer skal seie seg inhabile. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett vil kome tilbake med informasjon.